

Kva:	Møte nr. 07 i Skikrinsstyret 2023-2025
Tidspunkt:	Måndag 8. januar 2024, kl. 20:00-21:30
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	<p>REFRATSAKER</p> <p>SAK 50 23-25 Godkjenning av innkalling og sakliste</p> <p>SAK 51 23-25 Godkjenning av protokoll nr. 6 23-25 Skikrinsstyret</p> <p>SAK 52 23-25 Orientering kretsleiarmøte 15.-16. desember 2023</p> <p>SAK 53 23-25 Rekrutteringsutvalet referat nr. 01</p> <p>DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER</p> <p><i>SAK 54 23-25 Fastsetjing av tid og stad for Vårmøte 2024</i></p> <p><i>SAK 55 23-25 Samarbeidsavtale med SFE</i></p> <p><i>SAK 56 23-25 Handlingsplan SFSK 2023-2025</i></p> <p>EVENTUELT</p>
Til stades:	Jorunn Åsfrid Røyrvik, Tonje Norheim Tangerud, Anders Engeland, Hilde Katrine Engeli, Jon Ove Lomheim, Roger Ellingsund, Tor Arne Hov, og Kennet Dvergedal (adm.)
Forfall:	
Referent:	Kennet Dvergedal

REFERATSAKER

SAK 50 23-25 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 51 23-25 **Godkjenning av protokoll nr. 06 23-25 Skikrinsstyret**
Bakgrunn
Protokoll frå styremøte nr. 06 23-25 er sendt ut tidlegare, og godkjent elektronisk. Protokollen er også vedlagt.

VEDTAK
Skikrinsstyret godkjenner protokoll nr. 06 23-25.



SAK 52 23-25

Orientering kretsleiar møte 15.-16. desember 2023

Bakgrunn

Kretsleiar møte vart avvikla 15. og 16. desember i Trondheim. Styreleiar i Skikrinsen deltok digitalt på grunn av flyproblem.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 53 23-25

Rekrutteringsutvalet referat nr. 01

Bakgrunn

Jamfør SAK 41 23-25 i Skikrinsstyret vart det oppretta eit rekrutteringsutval som består av ein representant frå kvar greinkomite, Skiklubbutviklar, og adm. sjef.

Referat frå møte nr. 01 i rekrutteringsutvalet er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 54 23-25

Fastsetjing av tid og stad for Vårmøte 2024

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset tid og stad for Vårmøtet 2024.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å avvikle Vårmøte 2024 måndag 15. april, digitalt via Microsoft Teams.

SAK 55 23-25

Samarbeidsavtale med SFE

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins og SFE har forhandla fram ein ny samarbeidsavtale for perioden 01.05.2023-30.04.2026.

I avtalen har SFE bransjeeksklusivitet, dvs. at Sogn og Fjordane Skikrins ikkje kan ha samarbeidspartnarar som er i direkte konkurranse med SFE.

Samarbeidsavtalen er todelt, dvs. at aktivitetane i avtalen er relatert både til langrenn- og hopp- og kombinertkomiteen.

I førre 3 års-periode var den økonomiske fordelinga slik i avtalen:

- Hopp- og kombinertkomiteen, 70% av marknadsinntektene
- Langrennskomiteen, 30% av marknadsinntektene



- Marknadsinntektene frå SFE vert ikkje inkludert i Skikrinsen sin fordelingsnøkkel knytt til marknadsinntekter.

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om å halde fram med same fordeling som førre periode.

SAK 56 23-25

Handlingsplan SFSK 2023-2025

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan for perioden 2023-2025 er vedlagt.

I møtet handsama styret handlingsplanen, drøfta skikrinsen sine tiltak, og avklara vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.

EVENTUELT

Neste møte i skikrinsstyret: Måndag 5. februar kl. 20:00-21:30 digitalt via Microsoft Teams.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Jorunn Åsfrid Røyrvik (s)
Leiar

Kennet Dvergedal (s)
Adm. sjef



Vedlegg:

Kva:	Møte med rekrutteringsutvalet
Tidspunkt:	Onsdag 20. desember kl. 20:00
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Til stades:	Jon Ove Lomheim, Melanie Hetkamp-Andersen, Atle Hole Sæterbakken, Reidun Smørdal Hjelle, og Kennet Dvergedal
Referent:	Kennet Dvergedal

SAK 1) Oppretting av rekrutteringsutval Bakgrunn

Utvalet er oppretta med bakgrunn i vedtak SAK 41 23-25 i møte i Skikrinsstyret:

«*VEDTAK*

Skikrinsstyret gjer vedtak om følgjande:

- a) Opprettar eit utval som jobbar me langvarig klubboppfølging. Rekrutteringsutvalet består av SKU, adm., og 1 representant frå kvar grein.*
- b) Utfordrar rekrutteringsutvalet til å kome med innspel til disponering av gåvemidlane.*
- c) Mye tiltak vert lagt til neste gong styret handsamar handlingsplanen.»*

Følgjande saksgrunnlag er lagt til grunn for Skikrinsstyret sitt vedtak:

«*Bakgrunn*

- a) Greinkomiteane følgjer opp klubbbesøk i si grein. Vidare legg adm. til rette for felles samhandlingsmøte med representant frå komitéane og SKU. Det er også ønskje om at SKU tek initiativ til fleire barmarksamlingar på tvers.*
- b) Skikrinsstyret ønskjer innspel frå greinkomiteane til kva ein kan bruke gåvemidlane på.*
- c) Adm. og SKU lagar ei oppsummering av innspel og knyttar innspela til handlingsplanen. Dette blir presentert i neste møte i skikrinsstyret.»*

Alpinkomiteen gjer vedtak om:

- a) SKU prioriterar oppfølging av klubbar i region Nordfjord, spesielt Breimsbygda alpint.
- b) Spelar inn gode tiltak til adm. ved høve.

Innspel frå hopp- og kombinertkomiteen:

- a) Hopp og kombinertkomiteen har drøfta utkast til aktivitetsplan med kontaktpersonar i møtet. Jon Ove følgjer opp aktivitetsplanen og gjer nødvendige avklaringar:



- b) HKK ønsker innkjøp av fleire rekrutteringshoppski for utlån i klubbane.

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande:

- a) SKU prioritera å følgje opp klubbar i regionen Sogn (eksempel Syril IL, IL Bjørn og ÅTIL/Jotun IL), i tillegg til å følgje opp EID IL.
- b) Innspel frå langrennskomiteen er utstyr som kjem klubbane til gode:
- Skikrinsen gjer innkjøp av utstyr som klubbane kan låne (ski, rulleski, hoppski, orgeltramp, hopp)
 - Skikrinsen kjøper inn utstyrspakkar til bruk i rekrutteringsarrangement (eks. Skisprell). Når arrangementet er gjennomført vert utstyrspakken gjeven til arrangørklubb.
 - Utstyr som skiklubbutviklar kan ta med rundt i klubbar»

VEDTAK

Rekrutteringsutvalet vert oppretta med hensikt om å følgje opp skiklubbar i Sogn og Fjordane Skikrins i høve rekrutteringsarbeid i det yngste årsklassane frå 12 år og yngre.

Utvalet oppfattar at ein har mandat til å velje skiklubbar og leggje rammer for arbeidet. Med rapporteringsplikt til Skikrinsstyret.

SAK 2)

Klubboppfølging

I høve klubboppfølging vart følgjande punkt drøfta:

- Klubbar må ønskje å vere med, og forplikte seg til prosjektet
- Gjensidig forventingsavklaring
- Lage framdriftsplan
- Kome i kontakt med klubb og finne ut kor skoen trykker i høve rekrutteringsarbeid (aktivitet, anlegg, organisering eller liknande)
- Få til samarbeid på tvers av klubbar og for alle innad i regionane (Sogn, Nordfjord, Sunnfjord). Invitere naboklubbar når ein gjennomfører tiltak.

VEDTAK

I høve drøftingane gjer utvalet vedtak om å førespørje følgjande skiklubbar:

Breimsbyggda Alpint

Haugen alpint

Stryn T&IL alpingruppa (koplar på IL Vetten hopp?)

Syril IL



ÅTIL/ Jotun IL
IL Bjørn langrennsgruppa
EID IL
Vik IL hopp/ langrenn

SAK 3) **Forventingsavklaring SKU/skiklubbar**
I høve forventingsavklaring er det ønskjeleg å lage til skriftlege avklaringar for utvalet.

VEDTAK
Atle Sæterbakken følgjer opp.

SAK 4) **Rapportering til NSF**
SKU rapporterar i skjema til rekrutteringsavdelinga i Norges Skiforbund.

I høve den kvalitative tilnærminga dette utvalet legg til rette for, kan det kome negativt ut i høve rapporteringsskjema til NSF. Sjølv om det er viktig for rekrutteringsavdelinga å rapportere talldata til Skiforbundet v/ styret, er ei svakheit med rapporteringa at den ikkje seier noko om kva som ligg bak aktivitetstala.

VEDTAK
Rekrutteringsutvalet gjer vedtak om å støtte SKU til å drive kvalitativ oppfølging av klubbane, ikkje berre rapportere den kvantitative aktiviteten.

SAK 5) **Møteplan for utvalet**
Utvalet ønskjer å sette opp møter minimum 1 gong i månaden gjennom vintersesongen.

VEDTAK
Neste møte i utvalet blir i første del av januar. Adm. v/ Kennet sender framlegg til dag i e-post. Følgjande saker vart spelt inn til neste møte:

- Skriftlege forventingsavklaringar
- Utstyrsmidlar/ gåvemidlar frå SSF

Neste møte i Rekrutteringsutvalet: Onsdag 10. januar kl. 20:00 (digitalt)

Med venleg helsing

Kennet Dvergedal
Referent